



KOMMUNEREFORMA: INVITASJON TIL REDAKSJONEN

To felles kommunestyremøte i august

Kommunane Stavanger, Rennesøy og Finnøy er som kjent vedtatt slått saman av Stortinget. Det same gjeld Sandnes og Forsand. I samband med dette har Fylkesmannen i Rogaland invitert til felles kommunestyremøte.

Dei to nye kommunane trer i kraft seinast 1. januar 2020. Når Stortinget har gjort endelege vedtak om samanslåing skal Fylkesmannen etter inndelingslova kalla inn til felles kommunestyremøte.

Møtestad, dato og tid

- *Stavanger, Rennesøy og Finnøy:* Møtet finn stad på [Statens Hus](#), **måndag 21. august kl. 15.00.** [Meir informasjon.](#)
- *Sandnes og Forsand:* Møtet finn stad på [Lysefjordsenteret](#), **tysdag 29. august kl. 15.00.** [Meir informasjon.](#)

Møta blir leia av fylkesmannen og er drøftingsmøte med eit lovmessig minstekrav til kva som skal drøftast:

- Forslag til namn på den nye kommunen.
- Talet på medlemmer i det nye kommunestyret.
- Kriterium for samansetting og funksjonar til fellesnemnda, jf. inndelingslova § 26.
- Val av revisor for fellesnemnda.
- Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikra gjennomføringa av samanslåinga.

Redaksjonen er velkommen til å følgja møta.

Kontaktperson hos Fylkesmannen i Rogaland
[Lone M. Solheim](#), avdelingsdirektør, tlf. 51 56 87 68. mob. 908 05 289.

Beste helsing

John Gunnar Skien

Kommunikasjonssjef, Fylkesmannen i Rogaland

Epost: fmrojgs@fylkesmannen.no

Tlf. 51 56 88 30 Mobil. 909 98 144